

# Musea i Sogn og Fjordane

---

Til: **Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/Jan Heggheim og Ingebjørg Erikstad**  
Frå: **Musea i Sogn og Fjordane v/Kjartan Aa Berge**  
Kopi: **Styreleiar Laura Kvamme og museumsfagleg seniorrådgjevar Thomas Walle**  
Dato: **4.februar 2019**

## **Notat: MiSF sitt behov for bistand frå Sogn og Fjordane fylkeskommune fram mot 1.mars 2019**

### ***Innleiing***

Vi syner til videomøte med fylkeskulturadministrasjonen 29.januar 2019. MiSF har merka seg følgjande vedtak i fylkestinget 4.desember 2018:

10. Fylkestinget ber om å få utgreidd ei sak til fylkestinget i april om Kløften, og om korleis vi evt. på andre måtar kan løyse dei utfordringane som er knytt til administrasjonsbygg, med oppgradering av bygg, utstillingslokale og parkeringsareal ved Sunnfjord Museum. Vi vil også at museet sine planar for fellesmagasin, Ramstad, Kvernsteinsparken og vernebygg for Holvikjekta vert vurdert og synleggjort, slik at vi evt. kan justere desse i budsjett 2019. Fylkesutvalet følger opp dette vidare.

Vidare syner vi til Kulturdepartementet sitt brev til Sogn og Fjordane fylkeskommune dagsett 30.januar 2019 med avslag på søknad om investeringstilskot for Kløften<sup>1</sup>.

Vi vil også peike på vår forankring i den reviderte strategiplanen til MiSF<sup>2</sup> som styret vedtok 1.november 2018, og då særleg punkta 5.5 og 5.6 om investeringsplanar. Her kjem det fram at MiSF har som mål å prosjektere og sikre finansiering til prosjekta Ramstad, Holvikjekta, Sunnfjord Museum og Norsk Kvernsteinsenter innan 2021.

### ***Særskilt om magasinsituasjonen til MiSF***

I den siste museumsstatistikken til Kulturrådet<sup>3</sup> har vi merka oss kva Kulturrådet meiner om magasinsituasjonen til MiSF (s 106):

*«Museet fikk avslag fra nasjonale kulturygg for 2018 på ombygging av fabrikkbygningene, men utvikler prosjektet videre fram mot ny søknad for 2020. I tillegg søker fylkeskommunen om å få realisert et kombinert utstillings- og magasinbygg («Kløften»). Magasinet her vil ifølge museet kun dekke 1/3 av museets behov. Magasinsituasjonen ved museet bør relativt raskt finne en løsning.»*

<sup>1</sup> Jfr svarbrev/avslag frå Kulturdepartementet «Sogn og Fjordane fylkeskommune - svar på søknad om investeringstilskot» dagsett 30.januar 2019.

<sup>2</sup> [http://misf.no/sites/default/files/2018-11/Revidert%20Strategiplan%202018-2021\\_plandokument\\_vedteke%20011118.pdf](http://misf.no/sites/default/files/2018-11/Revidert%20Strategiplan%202018-2021_plandokument_vedteke%20011118.pdf)

<sup>3</sup> <https://www.kulturradet.no/documents/10157/efa6bc7e-6083-427d-956d-6b93c28f55f3>

I vedlegget til avslaget frå Kulturdepartementet om Kløften-søknaden 30.januar 2019 har vi merka oss følgande i Kulturrådet si museumsfaglege vurdering:

*«Kulturrådet viser for øvrig til søker fra Musea i Sogn og Fjordane i 2017 for investeringstilskudd til å oppgradere et større fabrikkbygg ved Ramstad i Angedalen utenfor Førde. Museet har ikke søkt om dette igjen i år. Museet kjøpte bygget i 2017. Kulturrådet var positive til museets planer om forslaget til fellesmagasin. Vi mener fremdeles at det er behov for en fornyet vurdering av om nybygget i Movika bør realiseres med et magasin.»*

Med Kulturdepartementet sitt avslag er det vår vurdering at magasinløysinga i Kløften ikkje er ei aktuell løysing.

MiSF meiner at eit samla magasin er den beste museumsfaglege og mest ressurseffektive løysinga. Til dette har vi Ramstadbygget i Angedalen. Ved ombygging og byggmessige tilpassingar meiner vi at dette bygget har det som trengs for å bli eit fullverdig museumsmagasin som kan løyse våre magasinbehov i overskueleg framtid.

#### ***Omsynet til Kløften og dei øvrige investeringsbehova i MiSF***

Vi er inneforstått med at Kløften-prosjektet har ei lang og krevjande forhistorie.

I den samanhengen er det viktig å streke under at det opprinnelige Kløften-prosjektet som MiSF spelte inn løyste heile vårt magasinbehov. Dette framlegget hadde god støtte internt i MiSF. Men då det opprinnelige Kløften-prosjektet synte seg å bli for kostbart og det etter kvart blei utvikla ei «krympa» løysing har entusiasmen internt i MiSF kjølna. Etter at Ramstad vart kjøpt og det synte seg at dette bygget kunne løyse heile magasinbehovet vårt har det vore svært lite internt engasjement for Kløften. Seinast på personalmøtet 31.januar 2019 vart Ramstad-bygget trukke fram som eit døme som dei tilsette var stolte av (!).

Internt er behova og engasjementet for vernebygg til Holvikjekta, konkrete kontorløysingar, betre parkering og ny formidlingsarena ved Sunnfjord Museum, samt nybygg til Norsk Kvernsteinsenter, mykje sterkare enn eit kostbart signalbygg i Movika.

MiSF opplever at Kløften over tid har overskygga all dialog. Det har ikkje vore mogeleg å bringe inn andre behov og investeringsprosjekt. Dette gjeld både på administrativt og på politisk nivå i fylkeskommunen. No er vi nøydde til å kome vidare slik at vi er best mogeleg budde til Vestland fylke og nye kommunar i 2020.

#### ***Det MiSF treng hjelp til av Sogn og Fjordane fylkeskommune fram mot 1.mars 2019***

Styret i MiSF vedtok i styremøte 1.november 2018 å gjere følgjande prioritering i høve til behov for statleg investeringstilskot:

1. Nytt fellesmagasin i Ramstad Eskefabrikk
2. Vernebygg til Holvikejekta

På bakgrunn av dette har administrasjonen arbeidd med å førebu grunnlaget til søknader om statlege investeringstilskot, slik at vi kan sende to søknader innan 1.mars 2019.

Vi treng formell støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune som kan leggast ved ein søknad for desse to prosjekta. I fyrste omgang bør det vere tilstrekkeleg med ei prinsipiell tilslutning til prosjekta. Avklaring om fylkeskommunal finansiering kan avventast til fylkestinget i april.

Når det gjeld behova for Sunnfjord Museum meiner vi at desse kan handterast uavhengig av søknadene om statlege investeringstilskot. Vi ser føre oss at dette kan gjerast ved å omdisponere fylkeskommunale løyvingane som er sett av til Kløften. Vi er innstilte på å kome i gang med arbeidet ved Sunnfjord Museum før vi får avklara statleg investeringsstøtte til Ramstad og Holvikejekta. Med dei rette vedtaka i april kan vi dermed starte planarbeid og skisseprosjekt for Sunnfjord Museum i løpet 2019.

Oppsummert ønskjer vi å kome i gang med å legge til rette for framtidsretta løysingar både for Sunnfjord Museum og Norsk Kvernsteinsenter så snart som mogeleg.

Med vennleg helsing

Kjartan Aa Berge  
Administrerande direktør  
Musea i Sogn og Fjordane  
(sign)